



# Modulhefte

---

PROGRESJON I BARNEHAGEN



**NATURFAGSENTERET**  
NASJONALT SENTER FOR NATURFAG I OPPLÆRINGA



**MATEMATIKKSENTERET**  
Nasjonalt senter for matematikk i opplæringen



## Leseoppdrag

Mens du les skal du skrive ned eller gule ut formuleringar om progresjon som du synest er

- annleis/overraskande i forhold korleis du tidlegare har oppfatta progresjon
- spesielt viktige å ivareta i barnehagen

RAMMEPLAN FOR BARNEHAGEN | 01.08.2017

## Progresjon

Progresjon i barnehagen inneber at alle barna skal utvikle seg, lære og oppleve framgang. Alle barna skal kunne oppleve progresjon i barnehageinnhaldet, og barnehagen skal leggje til rette for at barn i alle aldersgrupper får varierte høve til leik, aktivitetar og læring. Personalet skal utvide og byggje vidare på interessene til barna og gi barna varierte erfaringar og opplevingar. Barnehagen skal leggje til rette for progresjon gjennom val av pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leiker, materiale og utforming av fysisk miljø. Barn skal få utfordringar som er tilpassa erfaringane, interessene, kunnskapane og ferdigheitene sine.

Personalet skal

- oppdage, følgje opp og utvide det barna alt er opptekne av
- planleggje og leggje til rette for progresjon i barnehageinnhaldet for alle barn
- bidra til at barna får meistringsopplevingar, samtidig som dei har noko å strekkje seg etter
- leggje til rette for fordjuping, attkjenning og gjentakning i innhaldet og arbeidsmåtane til barnehagen
- introdusere nye perspektiv og leggje til rette for nye opplevingar og erfaringar
- sørge for progresjon gjennom bevisst bruk av materiale, bøker, leiker, verktøy og utstyr – og gjere desse tilgjengelege for barna

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/arbeidsmater/progresjon/>

## Leseoppdrag

Mens du les skal du skrive ned eller gule ut formuleringar om progresjon som du synest er

- annleis/overraskande i forhold korleis du tidlegare har oppfatta progresjon
- spesielt viktige å ivareta i barnehagen

## Aspekt ved progresjon i barnehagen

Utdraget er ein forkorta og tilpassa versjon av følgande tekst på Udir.no:

<https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/kvalitet-i-barnehagen/verktøy-for-kvalitetsarbeid/pedagogisk-dokumentasjon/ped-dok-didaktisk-perspektiv/progresjon/>

Tilpassa av: Camilla N. Justnes, Anne-Marie Sund, Anne Hj. Nakken og Susanne Stengrundet

*Eit barn sit på ei huske. Barnet gyngar kroppen frå side til side. Fram og tilbake. Barnet har nettopp funne ut korleis det kjem seg opp på huska og prøver nå å finne ut korleis det sjølv skal klare å lage fart. Å lage fart sidelengs ser ut til å vere det enklaste. Fram og tilbake ser ut til å vere vanskelegare. Kroppen må lenast bakover for at huska skal gå framover. Men ikkje heile kroppen. Ryggen bakover. Føtene framover. Samtidig må hender og armer dra litt i kjettingane. Barnet prøver lenge før det ropar på ein vaksen. "Meir fart!"*

Vi menneske utviklar oss heile livet. Vi utviklar for eksempel evne til å løyse problem, slik at vi får fart på huska, vi utviklar motorikk, slik at vi kan bevege oss på stadig meir utfordrande måtar, og vi utviklar omgrepsforståing, slik at vi kan gå frå å berre vite kva eit eple er til å ha innhald i omgrepet eple som inkluderer både smakar, syltetøy og jus. Nye impulsar og opplevingar gir fleire erfaringar og rikare liv. Det skapar progresjon.

Ofte blir progresjon knytt til steg som følger etter kvarandre. Det å lære å gå blir også gjerne definert slik. Ligge, rulle, ake, løfte kroppen, få rumpa opp, gyngje fram og tilbake, krabbe, reise seg, stabbe, gå, springe, hoppe. Ikkje alle barn krabbar før dei går. Linjene blir brotne nå og da. Nokre barn finn andre vegar for å bli eit gåande menneske. I møte med nye impulsar erobrar kroppen og tankane stadig fleire ferdigheiter. Nokre gongar må barn øve mykje, andre gongar klarer barn ting fort.

Progresjon er komplekst. Rekkefølga frå eple til eplemos verkar innlyssande: Du plukkar epla før du kokar mos. Om du kjøper eplemos på butikken, vil ikkje rekkefølga vere like openberr. Nokre drikk kanskje jusen før dei veit kva eit eple er. Uavhengig av kva rekkefølge erfaringane kjem i, vil opplevinga av epla bli rikare desto fleire erfaringar du får. Det er ikkje berre snakk om orda eple, eplemos og eplejus, men heile den kroppslege erkjenninga av epleaktig: Korleis eit eple kjennest ut for ei lita og ei stor hand. Korleis lukta forandrar seg når eit eple blir skrelt. Korleis eplejus kan komme med og utan fruktkjøtt og eplemos med og utan skal. Korleis møtet mellom tenner, smaksløkar og eple blir forskjellig, avhengig av kor syrleg eller søtt eit eple er og korleis smaksløkane i munnen er stemt inn. Slike samanhengar bidrar til at det epleaktige blir stadig meir komplekst. Eit eple er ikkje lenger berre eit eple.

Uansett korleis du vel å sjå på progresjon, må barnehagen bidra til å utvide barna sine erfaringar slik at dei både stør tenkinga til barna og gjer ho rikare. Det held ikkje å konstatere at eit eple er ei anna frukt enn pære. Personalet må skape situasjonar der det blir mogleg å oppdage nye lag i tematikken. Dersom eit barn oppdagar at ein eplebit som ligg framme har blitt brunt i fruktkjøttet, kan du lage eit nytt snitt i eplebiten så barnet får sjå at fruktkjøttet framleis er lyst inne i biten. Kvifor er det slik? Slike utforskande samtalar tar i vare barna sin medverknad og nysgjerrigheit, og situasjonen får moglegheit til å utvikle seg på premissane til barnet.

Det er samankoplingar av opplevingar, erfaringar og refleksjonar som fører til at barna oppdagar samanhengar og skaper teoriar om verda omkring seg. Om svaret på kvifor eplet skiftar farge når vi skreller det er naturvitskapeleg riktig eller ikkje, er mindre viktig. Vaksne veit at eit eple skiftar farge når det blir utsett for oksygen. Det er likevel ikkje alle som veit at den mørke farga beskyttar fruktkjøttet mot uønskte bakteriar.

Om barn har ein teori som ikkje fell saman med realfaglege teoriar, er teoriar likevel viktig i undringsprosessen til barna. Ved å skape eigne teoriar om fenomenen i verda, bidrar barn til progresjon i sine eigne tankerekker på vegen mot å forstå meir. Hjernen og kroppen lærer samtidig, og målet må vere at barn skal bli glad i moglegheita og opplevinga som ligg i det å erobre nye ferdigheiter, tankar og teoriar.

## Utdrag: Tal og form i to progresjonsplanar

Barnehage A sin progresjonsplan for området tal og form:

### **0 – 2 år**

Bake boller og dekke bordet

Vi teller det vi ser for eksempel mennesker og biler. Vi teller fra 1 – 3

Lær formene kvadrat og trekant

Hoppe på tallinje på gulvet

Lære hva det betyr at det er like mange, flere og færre

Lese «lille Larven Aldrimett»

### **3 – 4 år**

Bake boller og dekke bordet

Lære mer om å telle. Telle fra 1 – 6

Møte formene firkant, sirkel, kule

Lage adventskalender til jul og snakke om hvor mange dager det er igjen

Lage togbaner og bygge med lego. Spille ludo og stigespill

### **5 år**

Lage grønnsakssuppe og dekke bordet

Møte tallsymboler og telle det vi ser rundt oss

Telle på engelsk fra 1 – 3 og på norsk fra 1 – 20

Vi leker med geometriske figurer i virkeligheten og jobber med tall i skoleklubben

Barnehage B sin progresjonsplan for området tal og form:

**Trinn 1**

Støtte barna i sin utforskning og tilrettelegge for varierte møter med tall og form. Utfordre barnet til å utforske og resonnerer rundt likheter og ulikheter i antall og former. Gi barna erfaringer med flere, færre og like mange, rundt og rett. Undersøke hvilke former som triller og hvilke vi kan bygge med. Støtte barna sin interesse for tallramsen og parkobling. Tilrettelegge for at barna kan utforske rekkefølger. Bruke sanger, regler, konkreter, naturmaterialer og eventyr for å sikre variasjon.

**Trinn 2**

Initiere leker som gir videre muligheter for å utforske tall og form. Øve på å koble parkobling og tallramsen sammen. Bruke begreper knyttet til kant og hjørne og utforske former ved å telle kanter. Oppmuntre barna til å vise antall på ulike måter. Spille terningspill og initiere aktiviteter som gir barna varierte erfaringer med telling og antall. Utforske egenskaper til former i bilder, spill og byggverk både med konkreter og digitalt.

**Trinn 3**

Tell på flere måter; oppover, nedover, med flere i gangen. Reflektere rundt sammenhengen mellom 2d former og 3d former. Resonnere med barna omkring hvordan mengder og former kan deles opp og settes sammen. Utfordre barna til å kjenne igjen mønsteret i tallramsen vår slik at de kan telle enda lengre. Introduser flere spill og aktiviteter knyttet til mer komplekse sammenhenger i tall og form.